

Tilsyn i 200 år

Den første norske, nasjonale tilsynsordninga med helsetenesta vart skipa i 1809. Då var det blokaden av samferdsla mellom København og Christiania som følgje av Napoleonskrigane som gjorde det nødvendig å etablere eit slikt forvaltningsorgan her i landet. Det fekk namnet Det Kongelige norske Sundheds-Collegium i Christiania.

Alt frå 1672 hadde det vore ei viss form for tilsyn med legar (medici) og apotekarar si verksemd ved at universitetet i København skulle ta i mot og følgje opp meldingar som dei fekk om helsetilstand og helseteneste. Men gjennom det nye kollegiet ser vi for første gongen konturane av ei tilsynsordning slik vi kjenner ho i dag.

Det er verdt å leggje merke til at kollegiet var tverrfagleg orientert. Det hadde knytt til seg juridisk, medisinsk og farmasøytisk kompe-

tanse. Vidare hadde det eit klårt tilsynsoppdrag. Instruksen for arbeidet seier dette (§ 19): *Collegiet har at vaage over, at de nu for Tiden gjældende Love for Medicinalvæsenet i Norge, eller de, som herefter maatte vorde udgivne, iagttages og overholdes.* Og sist, men ikkje minst, kollegiet var oppteke av å klårgjere og vurdere heilt konkrete situasjonar og hendingar, og såleis ikkje berre eit normdannande eller fortolkande overordna organ. Det blei avvikla alt i 1815, men arbeidsoppgåvene vart i varierende grad ført vidare av andre sentraladministrative organ.

Statens helsetilsyn har nyleg gitt ut to skrifter om saga til den tidlegare helseforvaltninga. Du finn dei på nettsidene våre: www.helsetilsynet.no. Det er Hans Petter Schjønshys skrift om Sundhedskollegiet 1809-1815 (Rapport 1/2009) og Ole Bergs skrift Spesialisering og profesjonalisering. Om den gamle helseforvaltninga frå 1809 til 1983 (Rapport 8/2009).

